



Saksframlegg

Søknad om etableringsstønad - Nordic Adventure Trails/Telemark Camping

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		05.03.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Nordic Adventure Trails/Telemark Camping
Reglar for bruk av næringsfondet – Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

Leon De Heer og Debby Looyestijn eig og driv firmaet Nordic Adventure Trails som er registrert i Brønnøysund som eit NUF (Norskregistrert utanlandsk føretak) med organisasjonsnummer 926 573 454, næringskode 55.300 «Drift av campingplasser». Nordic Adventure Trails har underininga Telemark Camping og Inn (org.nr. 917 406 928). Selskapet nyttar Fyresdal Rekneskapskontor AS til rekneskapsføring, dagleg leiar er Leon De Heer.

Leon De Heer og Debby Looyestijn har drive Telemark Camping og Inn (campingplass, motell og Roan-Kroa) sidan 2022, dette har dei leigd av Bjørn Veum Seljevold. Dei overtek i desse dagar campingplassen, som dei har kjøpt av Seljevold, i tillegg vil dei framleis leige motellet (tidlegare Hauggrend Landhandel), og stå for drifta av Via-Verrata i Skredfjell.

Eigarane ynskjer å styrke overnattingskapasitet og -kvalitet ved Telemark Camping og Inn, og har ei rekke punkter dei ynskjer å forbetre, for å imøtekomme den aukande mengda tilreisande til Fyresdal.

De Heer og Looyestijn søker om kr. 40 000,- i stønad frå Fyresdal kommune.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring og arbeidsliv; Fyresdal kommune skal legge til rette for vidareutvikling av kommunen som turistdestinasjon, mellom anna ved å stimulere til utvikling av overnattingskapasitet og tilbod, og stimulere til utvikling av eksisterande destinasjonar.

Leon De Heer og Debby Looyestijn har i fleire år leigd campingplassen og motellet av Bjørn Veum Seljevold. Dei har no kjøpt Telemark Camping, campingplassen er skilt ut frå eigedomen, målt opp, og skøyte er sendt til tinglysing. Det er etter dette ervervet betydeleg lettare for dei nye eigarane å investere og vidareutvikle plassen, i trå med deira egne ynskje.

I dag består Telemark Camping og Inn av motellet, som har 2 tremannsrom, 3 dobbeltrom, og ein leilegheit for seks personar. Campingplassen har 4 tomannshytter, 4 firemannshytter,

8 bubilplassar med tilrettelagt straum, stor plass for telting, utekjøkken, sanitærbygg, sauna og gapahuk.

Søkarane har lagt ved ein forretningsplan, som beskriv eit sterkt ynskje om å utvikle campingplassen og motellet, for å dra nytte av alle besøkjande til Hamaren og Fyresdal, og skape aktivitetar som gjer at dei tilreisande blir verande eit- eller fleire døgn ekstra i Fyresdal.

De Heer og Looyestijn leigde t.o.m. 2023 den tidlegare «Roan Kroa», som fungerte som resepsjon og gastropub i kombinasjon med campingplassen. Roan Kroa er seld til ana verksemd, og dei ynskjer difor å bygge nytt mottaksbygg/resepsjon på campingplassen, for å kunne ivareta besøkjande på ein betre måte.

Vasstilgangen på campingplassen harmonerer ikkje med auka besøkstal, og det er i dag store utfordringar med å ha tilgang på nok vatn når det er fullt belegg på campingplassen og i hyttene. De Heer og Looyestijn ynskjer difor å bore etter vatn på campingplassen, for å kunne tilby nok vatn, av god kvalitet, og vere sjølvforsynt med dette. Det er innhenta tilbod på denne jobben, som dei ynskjer å ha på plass før årets sesong.

Søkarane er også i gang med oppgradering av hyttene på campingplassen, og ynskjer i tillegg å utvide kapasiteten på bubilparkering, då dei ser at det er aukande etterspørsel for plassar til bubil, campingvogner og bil med taktelt. Planen deira er å oppgradere hyttene og campingplassen til eit nivå der dei kan drive heile året, og med det tilby aktivitetar også vinterstid.

De Heer og Looyestijn nemner ei rekkje aktivitetar dei ynskjer å tilby for å halde dei reisande eit eller fleire døgn i Fyresdal; minigolf, elektriske quads/kart, rappelling, vasspark, kano- og surfeaktivitetar, fiskeaktivitetar, dykkeaktivitetar m.m.

Campingplassane i Fyresdal er viktige med omsyn til overnattingskapasitet, og ein drivar for å få tilreisande til å bruke eit -eller fleire døgn ekstra i Fyresdal, gjennom å reklamere for aktivitetar i Fyresdal, eller tilby eigne aktivitetar med utgangspunkt i eigen campingplass.

Moglegheitstudie for Fyresdal basert på etableringa av Hamaren Aktivitetspark (Mimir 2021), peiker på at den kommersielle marknaden for overnatting er relativt begrensa for Vest-Telemark, spesielt gjeld det hotellbaserte gjestedøgn. Dei kommersielle overnattingane består i hovudsak av camping- og hytteovernattingar. Fyresdal har ein noko høgare andel utanlandske camping/hytteovernattingar enn Vest-Telemark forøvrig. Sumarsesongen peiker seg ut som den klart mest besøkte sesongen, med noko vinterturisme spesielt frå det norske marknaden. Ein ser også ein tydeleg trend at mange ynskjer berekraftig, lokal ferie, med opplevingar for familie og mindre grupper, bort frå masseturismen.

De Heer og Looyestijn søker om støtte på kr. 40 000,- til investeringar som skal gjerast, fyrst og fremst retta mot vassforsyning på campingplassen, samt reising av nytt resepsjonsbygg.

Det er Nordic Adventure Trails som står som søkjar av tilskotet. Som tidlegare omtalt er selskapet eit norskregistrert utanlandsk føretak (NUF). Utanlandske føretak som driv næringsverksemd i Norge, har registreringsplikt i Foretaksregisteret, og må fylje norske reglar, reglar som i stor grad er dei same som for norske aksjeselskap. Dette inkluderer lov om meirverdiavgift (mva), arbeidsmiljølova m.m. Det er det utanlandske føretaket som er ansvarleg for verksemda i Norge. NUF som driv næringsverksemd i Norge, og som er skattepliktig til Norge etter norsk intern lovgiving, har regnskapsplikt og plikt til å sende inn årsregnskap til Regnskapsregisteret.

De Heer og Looyestijn har ikkje tidlegare motteke tilskot frå Fyresdal kommune, og det synes vere rimeleg å imøtekome søknaden med omsøkt beløp. Då det er fyrst i 2025 dei formelt har

overteke campingplassen, og no kan ta til med eigne investeringar, meiner ein det er rimeleg å innvilge eit etablerartilskot på kr. 40 000,- til verksemda.

Konklusjon:

Fyresdal treng auka overnattingskapasitet, og campingplassane er ei viktig brikke for å nå dette målet. Telemark Camping og Inn ligg sentralt i høve attraksjonar i Vest-Telemark, og har eit stor potensiale for auke i belegg og omsetning. Leon De Heer og Debby Looyestijn har leigd campingplassen og motellet i fleire år, og er godt kjent med marknad og økonomi ved drifta. Det er svært positivt at dei no vel å kjøpe campingplassen, og vidareutvikle denne i trå med etterspørsel i marknaden. Dei har baa erfaringar frå bransjen, både frå Nederland og Noreg, og er godt rusta til å drive, og utvikle, verksemda vidare. Satsinga deira er i trå med strategiane i kommuneplanens samfunnsdel, og fell godt saman med kommunens ynskje om å bygge Fyresdal som reiselivsdestinasjon.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr 40 000,- i etablerartilskot til Nordic Adventure Trails (org.nr. 926 573 454) med undereininga Telemark Camping og Inn. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef